



# Papiravisa – i ein tynn tråd?

Eit essay om papiravisa si framtid i ein digital kvardag.

Bacheloroppgåve

ved Senter for journalistikk,

Høgskolen i Bodø, våren 2010

Emnekode JO203U

Stine Strand Carlsen

Kandidatnummer: 30

**August, 1994:** Det luktar blomar og søte kamferdrops i stova. Pendelen til vegguret svingar att og fram på furuveggen. Uret viser ti over fire. Han tenner i pipa, som han alltid gjer når han kjem heim frå jobb. Tiedemanns gul. Nitedals fyrstikker. Hendene er dekkja av svarte oljeflekkar. Arbeidskleda er framleis på.

Han sit i godstolen ved vindauget og les avisa med omhu no. Eg ser på bestefar med nyfikenheit. Alvoret i blikket og rynkene mellom augebryna som han hadde når han sat slik, fascinerte meg som lita. Det var ei anna side av bestefar enn den eg var vant til. Det var ikkje humørspreiaren og den pratesalige mannen eg kjende. Vanlegvis brukte han å hjelpe meg med puslespelet der eg sat på golvet. Lese frå eventyrboka. Synge høgt når det kom ei fengande låt på radioen. Danse swing med bestemor på kjøkkenet. Men ikkje på denne tida av dagen. Det visste eg. *Bestefar må få ro til å lese avisa*, brukte bestemor å seie.

Og då måtte alt vere stilt.

**Mars, 2010:** Det skranglar og ristar i passasjervogna. Firemannssete. Sjølv sagt var det ingenting anna ledig i dag. Den unge mannen att med meg ligg henslengt i setet og høyrer elektronika med overdimensjonerte øyreklokker. Eit born grin frå bakarste rad.

NSB er herleg i rushtida.

Rett ovafor meg sit ei kvinne. Antagelegvis rundt 30. Kvinna les Bergens Tidende, og tygg tyggis medan ho blar forbi kulturseksjonen. Att med ho sitt ei jamnaldrande kvinne med laptopen på fanget og surfar med trådløst internett. Dei to pratar om tupperware-partyet til helga og den nye sveisen til Kari, samtidig som dei heldt på med sitt. Dei er nok gode venninner.

Telefonen til kvinna ovafor meg ringjer. *Ja, mamma kjem snart heim. Orkar du å setje på poteter?* Ho legg den spegelblanke touch-telefonen ned att i veska, og blar vidare i avisa. Venninna dultar ho litt i skuldra, peker på laptopen. *Jøss. Sponheim ny fylkesmann i Hordaland? Snedig.* Merksemda forblir ved pc-skjermen resten av turen. Dei streifar ein tur innom facebook. Netthandelen. Mailen. Snart nærmar det seg avstiging for dei to fruene. Dei pakkar sakene og plaprar vidare ut togvogna. Brune sølemerke ligg att på golvet etter støvlettane deira, ei sval parfymelukt heng igjen i lufta.

I setet, ligg avisa att.

Om ein ser attende dei siste to tiåra, er det fascinerande å tenkje på kor fort dei teknologiske og sosiale endringane har skote fart. Den verda eg var vitne til for knappe 16 år sidan, er ei heilt anna verd enn den eg ser i dag. For meg, kan det synast lenge sidan eit puslespel var vanleg tidsfordriv. Sidan internett var eit framandord. Sidan folk sat av kvalitetstid til å lese avisa og spelte kortspel som fredagsunderhaldning.

I dag lever vi i det som kan kallast den digitale alderen. Den digitale revolusjonen om du vil. Vi lever i tida der born blir tidlegare teknisk kompetente, og sitt meir og meir framfor tv og digitale medier. I tida der folk i alle aldersgrupper blir aktive på bloggar, twitter og andre nettsamfunn. Der fleire og fleire lærer seg sjargongen. I tida der vi har informasjon tilgjengeleg i det uendelege, og vi kan svinge innom nettaviser, tv og radio for å få med oss siste nytt, når det passar oss. I kvardagen der tid er luksusvare, og tålmod ei dyd.

I ei slik tid kan det sjå mørkt ut for papiravisa si framtid. Avisa har vanskeleg for å halde tritt i dagens travle samfunn. Det tek tid å setje saman artiklar og trykke opp eksemplar før du får ho i hendene ved frukostbordet. Og når du først har ho der, er mesteparten av nyheitene gammalt nytt. Dette er noko av det som gjer at fleire og fleire meiner at avisa har mista sin posisjon dei siste åra, og somme spår til og med døden for det tradisjonelle nyheitsmediet. Ein av dei, er journalist og mediekomentator Sven Egil Omdal. I ein artikkel i årets første utgåve av Samtiden skriv han:

*«Se godt på dagens avis, mens du ennå har den. Noen av de beste avisene i verden lever på lånt tid, og lånet forfaller snart.»*<sup>1</sup>

For Omdal rådar det ingen tvil. Avisa er nede for telling. Ho er skadeskutt, utdatert og makteslaus i vår tids digitale alder. Som ein uunngåeleg konsekvens av dagens marknadskonkurransse, eigarkonsentrasjon, annonse- og opplagsutvikling, kjem ho til å bli viska vekk fortare enn vi anar. Nettet og etermediene er framtida. Avisa er overflødig. Problemet er berre at aviseigarane ikkje innser det sjølv, og tviheld på det eldgamle nyheitsmediet i all håpløyse.

Omdal er krass i talen, og spår at det berre er eit spørsmål om tid før avisa kjem til å døy ut. Eg legg i frå meg artikkelen med ei overveldande uro i kroppen. Sjølv er eg glad i aviser, og lenge har eg hatt ein tendens til å fortrenge faresignala som truar papiravisene, i von om at utviklinga ein dag vil snu. Men bastante Omdal er så overbevisande i sitt resonnement, at eg

---

<sup>1</sup> Samtiden 1. utgåve 2010. "Når aviser dør" av Sven Egil Omdal, side 96-108.

no er i tvil. Han får meg til å skjelve langt ned i knæra når tanken streifar meg at det slettes ikkje er sikkert at eg vil ha ei framtid i ein avisredaksjon som skrivande journalist. Så eg spør; er det verkeleg slik at papiravisa er på veg ned dødsdalen? Har Omdal rett i det han seier?

Personleg synst eg det er vanskeleg å sjå for meg ei verd utan aviser, når ein historisk er vant til å tenkje på papiravisene som sjølv rygggrad i pressa. Då Johan Gutenberg oppfant den revolusjonerande trykkjekunsten på 1400-talet som la grunnlaget for dei første avisene, var grunnlaget også lagt for sjølv journalistikken. Den første avisa i verda kom ut i Nederland under namnet Nieuwe Tijdinghe i 1605<sup>2</sup>, og her til lands fekk vi vår første avis i mai 1763<sup>3</sup>. At fleire og fleire seier at sjølvaste opphavsforma til journalistikken no skal bytast ut med nye og moderne informasjonskanalar, er ei omvelting som eg synst er stor å ta innover meg.

Men samtidig er det rart å tenkje å at den første avisa i Noreg kom ut for ganske nøyaktig 247 år sidan. Det er ikkje mykje som lever i 247 år. Ser ein attende i historia vil ein støyte på mange eksempel som viser at noko nytt og moderne erstattar noko opphavleg. Berre sjå på levebrødet til min bestefar, industrien. I ein mannsalder arbeidde han som reparatør i garnfabrikken Dale Fabrikker. Han var ein stolt og samfunnsengasjert mann. Alltid i fremste rekke i 1. mai-toget. ”Gjør din plikt, krev din rett”<sup>4</sup> var leveregelen. Latskap var synd.

Sommaren 2008 fekk han sparken. Berre nokre knappe år før han skulle gått av med pensjon. Leinga i Akersgata valde å sende produksjonen av dei vidkjende Dalegensarane utanlands. Noko av vårt mest urnorske produkt blir no produsert på andre sida av kloden. Ullindustrien, som bygda mi har vore tufta på heilt sidan eventyret starta i 1879, står i dag att som eit hult skal når ein ser på dei tomme fabrikklokala. Ein epoke er over. Stoltheita tok brått slutt. Som eit slag i andletet for bestefar, og hundrevis av andre arbeidarar med han. Ta hatten og gå. Dykk trengs ikkje meir. Kapitalismen viste klør mot mitt forsvarslause lokalsamfunn, som til sjuande og sist sto igjen med riven brok.

Noko som også måtte sjå slaget tapt, var damplokomotivet. Det mektige kulldrivne framkomstmiddelet som i dag står att som sjølv pioneren for den industrielle revolusjonen, har for lengst blitt byta ut med meir moderne vogner. Det same skjedde med telegrafan. Eller Lp-plata. Eller VHS, discman og mp3-spelaren. Dei teknologiske framskritta er uendelege.

---

<sup>2</sup> Ottosen, Røssland & Østbye 2002: s. 10 – 12.

<sup>3</sup> Ottosen, Røssland & Østbye 2002: s. 14 (Norske Intelligenz-Seddeler)

<sup>4</sup> Arbeidarbevegelsen sitt gamle slagord, som legg vekt på sosialdemokratiske verdiar. Sjå f.eks <http://oslo.arbeiderparti.no/Politikk/Arbeid-til-alle>

Kva er det eigentleg som tilseier at avisa skal overleve i åra framover? Har ho i det heile tatt ei framtid i ei høgteknologisk verd?

Pressehistoria syner at vi har gått ein lang veg for å komme til dagens mediebilete. Ekstremt langt. Utviklinga og effektiviseringa har berre gått oppover sidan trykkjekunsten var oppfunnen og fram til dagens varierte medietilbod. Journalistikken i dag lever under heilt andre vilkår enn han gjorde i si spede begynning. Noko anna ville tross alt vore unormalt. Tenk deg dersom verda hadde sett lik ut som ho gjorde for drøye 600 år sidan, utan at vi hadde fått til eit einaste framskritt? Ei verd kan ikkje stå stille, og på same måte som folk vert nøydde til å følgje med i svingane, må media gjere det same.

At folk set spørsmålsteikn ved papiravisa si framtid og posisjon, er ikkje noko nytt.

Konkurransen frå andre medium er noko som har prega avisdrift over heile verda dei siste hundre åra, og gjort at debatten om avisa si framtid lenge har stått i hardt vêr. Her til lands, begynte folk å spekulere i avisdød allereie då avisa fekk sin første utfordrar, radioen på 1920-talet. Radioen var noko nytt og revolusjonerande som papiravisa ikkje kunne konkurrere mot, sa folk. Det same blei sagt då fjernsynet hadde sitt inntog omlag tretti år etter.<sup>5</sup> I 1969 blei det derfor innført pressestøtte i Noreg, som hadde som formål å forhindre avisnedgong, eller ein eventuell avisdød. Ein ville bevare flest mogleg av avisene som allereie fanst, og særleg var det dagsaviser i nummer to-posisjon som var mest utsett og dermed fekk mest frå statskassa<sup>6</sup>.

Til tross for større konkurranse frå både tv og radio, blei avisa verande. Etermediene tok aldri knekken på papiravisa. I alle fall ikkje så langt. Tvert i mot så opplevde norske aviser ei tydeleg aukning i avissalet i tiåra etter krigen. Statistikkar viser at aukinga i avissalet eskalerte heilt fram til 1990, som blir ståande som toppåret for norske aviser med omsyn til opplag<sup>7</sup>. Men så sa det stopp. Dei etterfølgjande åra og fram til i dag har det vist seg å vere små endringar i avissalet, og utviklinga har til og med vist teikn til stagnasjon og nedgong. Året 1990 markerer på mange måtar vendepunktet for dei nye utfordringane papiravisa i dag står ovafor. Det var steget inn i ei ny tid. Internettet si tid.

Sjølv vaks eg opp på 90-talet, og sto i så måte midt opp i samfunnsendringane. Mitt første møte med den digitale verda var då eg som førsteklasing stirra forundra på menn i kvite arbeidsdressar som trilla dei første klumpete datamaskinene inn i klasserommet. Då modem-

---

<sup>5</sup> Syvertsen, 1999: s.139

<sup>6</sup> Eide, 1999: s. 157-158.

<sup>7</sup> Ottosen, Røssland & Østbye 2002: s. 195 – 196.

boksane med knitrande oppkopplingslyd så smått begynte å etablere seg i stovene til folk på midten av tiåret, var det noko nytt og eksotisk. I startfasen var det ikkje mange som hadde internett-tilgong, i alle fall ikkje i bygda mi. Og helst var det dei borna med litt velstående foreldre som fekk internett tidleg. Born som elles var litt utanfor den kule gjengen, opplevde plutselig ein flokk nyfikne born stå utanfor inngangsdøra etter skuletida. *Å, så kjekt at dykk ville besøkje Marianne i dag også*, brukte mora å seie smilande til oss der vi sto. Vi smilte tilbake med englefjes, for lite visste ho om at visitten kun gjekk innom datarommet, og at Marianne sat i eit hjørne som tilskodar og såg på grådige born spele dataspel etter tur. Derifrå gjekk det ikkje lenge før eg hadde laga min første MSN- og hotmailkonto, og opplevde sakte men sikkert merka hangen til verdensveven slå rot.

Samtidig var ikkje journalistane seine med å innsjå at verdensveven kunne utnyttast som ein svært viktig reiskap. Nettet kunne brukast til å samle inn all verdas informasjon, i tillegg til å publisere materiale<sup>8</sup>. Journalist Per Helge Berrefjord skriv i boka "Den femte statsmakt" at då rusht rundt internettets world wide web begynte i 1994-1995, blei både redaktørar og journalistar nyfrelste. Dei blei rett og slett overvelda over alt nettet kunne brukast til. *"Vi var alle nyfrelste. Selv om journalistikkens formler delvis er tidløse, i den utstrekning dagens mennesker måtte være det, snublet de første nettblekkene – og også mine egne eksperimenter – i det meste"*<sup>9</sup>, skriv han.

I startfasen var entusiasmen og iveren stor, og det gjekk ikkje lenge før dei første nettavisene såg dagens lys. Først ute var vesle Brønnøysunds Avis med ei knippe digitaliserte nyheitsartiklar på nett 7. mars 1995, og eit par dagar etterpå kom riksavisene Dagbladet og VG også på bana<sup>10</sup>. Deretter begynte snøballen å rulle. Fleire og fleire aviser hekta seg på med eigne nettutgåver. Ved århundreskiftet opplevde store annonseaviser som Aftenposten og Bergens Tidende at spesielt jobbannonser svikta på papir og forsvann over på internett<sup>11</sup>. Samtidig blei det strukke breiband langs heile Noregs land, og internett bli allemannseige rundt om i dei private hus. Dette var grøbunnen for papiravis-debatten vi ser i dag, der fleire og fleire meiner som Omdal at internett er dråpen som kjem til å ta knekken på papiravisa. I ei

---

<sup>8</sup> Sjå meir i Ottosen, Røssland & Østbye, 2002: s. 198-200

<sup>9</sup> Berrefjord, 2000: s. 9.

<sup>10</sup> Ottosen, Røssland & Østbye, 2002: s. 220

<sup>11</sup> Les meir på t.d: <http://www.dinside.no/8315/hvorfor-papiravisene-d%D8r>

tid der teknologiske duppedittar som Kindle DX<sup>12</sup> og Ipad<sup>13</sup> blir meir og meir vanleg, meiner somme at vi heller ikkje er langt unna eit papirlaust samfunn.

Ein kan seie at avisa var midt i si eiga glanstid då ho blei forbigått av det rekordraske internettet på begynninga av 90-talet. Og sidan den gong kan det synast som om avisa har stått i skuggen av dei teknologiske framskritta.

I dag er ikkje internett noko eksotisk for mannen i gata lenger. Det er knapt nok eit privilegium. I den vestlege verda er det nærast ei sjølvfølgje at du har pc og internett i dag. Ein nyttar nettet både på jobb, skule og privaten, og verdensveven er for lengst blitt ein rutinemessig og etablert del av livet vårt. I dag har så og seie alle norske aviser, alt frå små lokalaviser til dei store riksavisene, eiga nettutgåve. Og det er ikkje vanskeleg å skjønne behovet. Er det noko vi lurar på i dag, slår dei færraste opp i eit leksikon eller fagskrifter, når nettet kan gje den same informasjonen kjapt og greitt. Og på same måte held mange seg oppdatert på nettavisene i staden for papiravisene.

Statistisk sett kan ein seie at det er nettavisa som no opplever si glanstid. Ferske tal frå både Statistisk Sentralbyrå<sup>14</sup> og TNS Gallup<sup>15</sup> viser at nettet no er større enn papir. I følgje TNS Gallup hadde internett ein dagleg oppslutnad på 78 prosent i 2009, og statistikkane til SSB frå same året viser at 73 prosent av befolkninga nyttar internett dagleg. Samtidig viser undersøkinga "Norsk mediebarometer" frå SSB at over 80 prosent av alle nordmenn leste avisa kvar dag for berre 20 år sidan. Kun 65 prosent av befolkninga leste ei eller fleire papiraviser i løpet av ein gjennomsnittsdag i 2009.

I tillegg synk opplagstala hjå dei fleste aviser, spesielt hos dei store riksavisene. I 29 år har VG kunne smykka seg med tittelen Noregs største avis. I mai i år mista VG den posisjonen til fordel for si søsteravis Aftenposten, i følge kvartalsrapporten frå Schibsted. I første kvartal hadde VG eit gjennomsnittleg opplag på 237.166 eksemplar på kvardagane. Aftenposten hadde i samme periode eit gjennomsnittleg opplag på 242.061. Det betyr at

---

<sup>12</sup> Ebokleser tilpassa for å lese aviser, tidsskrifter, dokumenter og lærebøker/handbøker. Sjå f.eks [http://www.hardware.no/artikler/kindle\\_dx\\_presenteres/69579](http://www.hardware.no/artikler/kindle_dx_presenteres/69579)

<sup>13</sup> Apple si nye storsatsing, ein såkalla tavle-data. Lansert 27. januar 2010. Sjå f.eks: <http://www.vg.no/teknologi/artikkel.php?artid=588818>

<sup>14</sup> <http://www.ssb.no/emner/07/02/30/medie/art-2010-04-12-01.html> - Norsk mediebarometer 2009

<sup>15</sup> <http://www.tns-gallup.no/?did=9087307> –folks medievaner . Sjå også

<http://www.tns-gallup.no/?did=9078676> – offisielle lesertall for avis.

Aftenposten i snitt sel 4.985 eksemplar meir enn kongen i Akersgata<sup>16</sup>. I samme kvartal i år dalte Dagbladet sitt opplag med 15,2 prosent samanlikna med i fjor. Det tyder at Dagbladet no har eit opplag på under 100 000<sup>17</sup>.

Utsiktene for avisa ser ikkje akkurat lyse ut i følgje desse opplysningane, og utfordringane papiravisa står ovanfor i dag, er mange.

For det første klarer aldri avisa å konkurrere med nettavisa (eller radio og tv for den del) når det gjeld å publisere reine øyeblikksnyheiter. Avisa vil alltid ligge i etterkant når det gjeld å få ut "breaking news". Der det berre er for nettavisa å publisere saka med eit enkelt tastetrykk, tar det lang tid for avisa å finne spalteplass, lage layout, få trykt opp avisa og distribuere ho til butikkhyllene og postkassane. For å kompensere den tidkrevande prosessen det tar å lage avisa, er trenden i dag at avisa gjerne går litt meir i djupna med ei fyldigare sak, meir bakgrunnsstoff og fleire kjelder i etterkant av ei hending, medan nettavisa kontinuerleg oppdaterer og legg ut korte nyheitsmeldingar fortløpande.

For det andre har nettannonsering verkeleg skote i vêret det siste tiåret. Dei færraste no til dags (meg sjølv inkludert) vel å kjøpe kilovis med papiraviser når vi er på utkikk etter ny bil, speilreflekskamera eller andre forbruksvarer, når er nettstader som finn, QXL og netthandelen kan tilby eit mykje breiare og variert tilbod. Då er det ikkje vanskeleg å skjønne at dei fleste annonsørar vel nettet framfor avisspaltene.

Men for papiravisa kan dette bli fatalt. Konsekvensane av at færre og færre annonserer i avisa, er at inntektene til avisredaksjonane stuper. Og då må ein spare inn på andre måtar for å få kabalen til å gå opp. Aviseigarar snur på kvar ei flis, kallar hyppigare inn til strategimøte og krev stadig fleire omleggingar. Vi kuttar litt her og sparer litt der. Lokalaviser som ikkje klarar seg sjølv, vert kjøpt opp av store avismonopol<sup>18</sup>, som til dømes Avisa Valdres<sup>19</sup>, Bygdanytt<sup>20</sup> eller Sortlandsavisa og Vesteraalens Avis<sup>21</sup> har blitt dei seinaste åra. Redaksjonsstabar vert uttarma i ein kvardag der oppseiingar blir meir og meir vanleg, spesielt i dei største avisene. Færre gjer meir, og produksjonspresset aukar for den enkelte journalist.

---

<sup>16</sup> <http://e24.no/media/article3648134.ece>

<sup>17</sup> Kilde: <http://www.journalisten.no/story/61222>

<sup>18</sup> Tveiten, 2006: Kapittel 7: "Monopol: Hvem eier hvem"

<sup>19</sup> Avisa Valdres blei kjøpt opp av det norske medieselskapet Tun Media i fjor. Sjå f.eks:

<http://www.haldendagblad.no/underholdning/article4059162.ece>

<sup>20</sup> Bygdanytt blei kjøpt opp av Bergens Tidende i 2005. Sjå f.eks: <http://no.wikipedia.org/wiki/Bygdanytt>

<sup>21</sup> Begge desse lokalavisene blei kjøpt opp av Harstad Tidende i år. Sjå f.eks:

<http://www.sortlandsavisa.no/nyhet.cfm?nyhetid=230>



Dette ser vi mange eksempel på i dag, og finanskrisa kom svært ubeleilig midt opp i den uheldige utviklinga. Sjølv var eg utplassert i ein praksisredaksjon som opplevde tøffe tider økonomisk<sup>22</sup>. Der såg eg igjen mange av faresignala nemnt ovanfor. Tynne aviser. Kamp om plassen til å fylle opp avisa med redaksjonelt stoff. Strengare rutinar med overtid og køyring i jobbtida. Alt ekstra skulle avtalast med vaksjef. Mindre tid til sidelayout. Forutanom helgebilag og temabilag, skreiv journalistane inn i tilfeldige malar i saxo. Mindre satsing på typografar betyr mindre utgifter for avishuset, men meir (unødig?) arbeid for journalistane som praktisk talt lagar sidene sjølv. Ofte var eg vitne til frustrerte journalistar som sleit med å få til tekniske ting som ein typograf vanlegvis ville tatt seg av, eller journalistar som stressa med å bli ferdige med dagens gjeremål til endt arbeidsdag for å unngå overtid.

Det som er skummelt i slike omstillingsprosessar, er at overordna faktorar som høgare produksjonspress, tidspress og meir ekstraarbeid kan gå utover den redaksjonelle kvaliteten. Og ikkje minst kan det sette ein dempar for arbeidslysta til journalistane. Sjølv om min praksisredaksjon var flinke til å setje av tid eksklusivt til journalistar som skreiv grundige arbeid (som til dømes laurdagsreportasjar og portrett), trur eg at den kollektive ansvarsfølelsen om å bli fortast mogleg ferdig slik at ein kan bidra i det redaksjonelle elles, ligg innebygd hjå dei aller fleste journalistar. Og når presset blir for høgt på ein dagleg basis og over lengre tid, er det nok mange journalistar som kan miste glede ved yrket sitt, og kanskje til og med gå over til anna arbeid.

Den andre konsekvensen som kan bli eit faktum dersom den redaksjonelle kvaliteten til ei avis går ned, er at det blir mindre attraktivt for lesaren å kjøpe ho. Når avisa ikkje lenger klarar å gje folk den kvaliteten dei forventar, er gjerne ikkje steget stort for å droppe avisa og seie opp abonnementa, for så å gå over til nettavisene. Og då ser det verkeleg mørkt ut for opplagstala. Kva skal det bli igjen av avisa dersom nettet tek over fleire og fleire av lesarane, i tillegg til annonsemarknaden og det løpande nyheitsbiletet? Og ikkje minst; korleis skal ein klare å oppretthalde redaksjonell kvalitet i ei avis med eit stadig meir svekka økonomigrunnlag?

Dette er spørsmål som gjev både avishus, medieforskarar og analytikarar hovudbry. Pressestøtta blir kun ein dråpe i havet med omsyn til den totale økonomien i eit avishus. Sven Egil Omdal seier i sin artikkel at pressestøtta åleine aldri har vore stor nok til å finansiere ein journalistikk i dei avisene som mottar ho, som kan utfordre dei dominerande avisene og bryte

---

<sup>22</sup> Viser til mitt praksisopphald i Romsdals Budstikke, 04.01.10 til 26.03.10.

ned lokale annonsemonopol. Han samanliknar pressestøtta med ein respirator som Stortinget har halde i drift i ønsket om å ha meir enn ei politisk stemme i kvart lokalsamfunn, og hevdar at pressestøtta i dag ikkje er noko meir enn ei rein næringsstøtte, som ikkje har nokon anna verknad enn å bevare nokre arbeidsplassar<sup>23</sup>. Dette er ein urovekkande påstand. Men dersom Omdal har rett i dette, bør ein snarast begynne å revurdere formålet til den tradisjonelle pressestøtta her til lands.

Å finne balansen mellom nett og avis er ei hard nøtt å knekke. Det at internett er ein gratis forretningsmodell, er ei av dei verkeleg store utfordringane avisene står ovafor. Folk flest ser ingen grunn til å betale for eit produkt så lenge ein kan finne nesten dei samme nyheitene gratis på nettet. Så lenge mediehusa ikkje finn noko god løysing på nettbetaling, er det stor fare for at dei økonomiske utfordringane vil vere like store i tida framover. Nettannonsering åleine kan ikkje redde ei nettavis dersom papiravisa går dukken, når det framleis er papiravisa som dreg lasset og har mest inntekter.

For å vere heilt ærleg synst eg i grunnen at det er rart at nettaviser skal vere gratis. Kven andre er det som ikkje tar seg betalt for ein skriven tekst? Ingen romanforfattarar legg bøkene sine ut på nett - i alle fall ikkje utan å ta betalt for det. Kvifor skal det vere annleis for oss journalistar? For lesaren er det sjølvsagt flott å sleppe å måtte ut med 15-20 kroner for å få med seg siste nytt. Og no som vi er så vande med å få alle nyheiter gratis på nettet, trur eg dei færraste kunne tenkje seg å betale for å lese ei nettavis i åra framover. Kanskje situasjonen i dag hadde sett betre ut dersom nettavisene hadde tatt abonnementspris frå dag ein? Det er i alle fall verdt ein tanke.

Sjølv om det ser mørkt ut for papiravisa på mange områder, er det likevel ikkje alle som er like raske som Omdal i å trekke konklusjonen at vi nærmar oss ein avisdød i åra framover. No nyleg vart firebindsverket "Norsk presses historie" lansert, som verkar langt meir positiv til papiravisa si framtid enn det Omdal er. Utan at eg har lest heile verket sjølv, skriv Dagbladet i ein artikkel at verket viser at kriser, turbulens og omstillingar har prega norsk avisdrift sidan starten, og at det derfor ikkje er sagt at avisene kjem til å døy ut med det første.<sup>24</sup>

Samtidig er det mange lokal- og regionsaviser som klarer seg bra, som for eksempel Hallingdølen i Buskerud eller Firda i Sogn og Fjordane. Opplagstall for norske aviser syner at

---

<sup>23</sup> Samtiden 1. utgåve: *Når aviser dør* s. 100 og 101.

<sup>24</sup> Papirutgåva til Dagbladet onsdag 14. april 2010: s. 56-57.

Firda hadde eit opplag på 13 105 i 1990 og eit opplag på 13 585 i 2009<sup>25</sup>. Hallingdølen hadde eit opplag på 9380 i 1990 og 9796 i 2009<sup>26</sup>. Desse tala syner at begge avisene har hatt eit stabilt opplag dei siste 20 åra. Kvifor det er slik for ein del lokalaviser, kan kanskje ha samanheng med at dei opererer på eit heilt anna plan enn det dei store avisene gjer. Dermed blir det ingen direkte konkurranse mellom lokalavisa og dei store avisene.

Sjefsredaktør i Vårt Land, Helge Simonnes, stiller seg også positiv til framtida. I eit innlegg på debattsidene til Vårt Land skriv han at han synst det er skapt eit altfor overdrive og dystert bilete av papiravisene sin tilbakegang. Han refererer blant anna til medieforskar Sigurd Høst som legg til grunn at norsk avisbransje har eit svært solid fundament, som det skal mykje til for å rokke ved. Han hevdar også at dei mange avisene vi har i landet representerer ein viktig samanvevande funksjon, både lokalt og nasjonalt<sup>27</sup>.

Samtidig slår pensumbøkene våre i bordet med at avislesing er ein kjær tradisjon her til lands. Vi er eit avisland i særklasse, står det, og nordmenn er til og med verdsmeistrar i avislesing. På bakgrunn av dette, vert det også formulert som eit mediepolitisk mål *”å bidra til et fortsatt høyt aviskonsum slik at Norge kan fortsette å være en dagspressenasjon”*<sup>28</sup>.

Sjølv er eg ganske tradisjonsbunden til avisa. På same måte som eg vil ha kvikk-lunsj i påska eller pinnekjøtt på julafta, vil eg også lese Bergens Tidende ved frukostbordet. Det kan hende eg er gammaldags og kanskje også eit unntak frå mange andre på min alder, men eg finn stor glede og avslapping i det å setje seg ned å lese ei avis, eller ei bok for den del, i ein tid der alt skal gå så fort. Papiret har ein enkel og nærast beroligande funksjon i ein elles så komplisert og travel kvardag. Spesielt er magasina til for eksempel VG og Dagbladet uvurderlege ein laurdags føremiddag. Det er pusterom. Kvalitetstid. Å setje seg ned med laptopen blir ikkje det same. Når eg sitt på nettet, er eg som regel i ein heilt annan setting. Eg er ukonsentrert og utålmodig der eg surfar hit og dit, er innom facebook, hotmail og nettaviser om ein an. Når ein sitt med papiravisa har ein ikkje noko anna å forhalde seg til, og det er dermed lettare å halde fokus.

Når Omdal på si side skriv i artikkelen at *”når siste utgave endelig kommer med bilde av hele staben på førstesiden med overskriften ”Takk for oss”, er det få som husker gullalderen, og*

---

<sup>25</sup> Opplagstall for norske aviser: <http://medienorge.uib.no/?cat=statistikk&page=avis&queryID=190>

<sup>26</sup> <http://medienorge.uib.no/?cat=statistikk&page=avis&queryID=190>

<sup>27</sup> <http://www.verdidebatt.no/debatt/cat1/subcat11/thread40933/>

<sup>28</sup> Eide, 1999: sjå s. 157 og 158.

*anda færre som kjenner savnet*<sup>29</sup>, trur eg han tek feil. Eg trur at det er mange som kjem til å kjenne saknet. Meg sjølv inkludert. Og ikkje minst min bestefar (det grå gullet som Omdal sikkert ville kalla han). For han er avisa spesielt viktig i kvardagen. Det hender framleis at eg ser på han når han sit med avisa i godstolen. Oljeflekkane på hendene er borte no, men alvoret i blikket er der framleis. Avisa les han til same tid kvar dag. Ho er ein fast del av dagen på same måte som poteter er ein fast del av middagen, eller på same måte som ein biltur er ein fast del av søndagen. Ein fast del som heng igjen frå gammalt av. Bestefar er også av dei som har hatt vanskar for å følgje med i den teknologiske utviklinga dei siste åra. Han heng på ein måte att i ei annan tid. SMS'ar har han til dømes ingen interesse av å lære seg. Datamaskin vil han ikkje ha. Ingen andre kanalar enn NRK er interessante for han. Dersom papiravisa skulle bli vekke, ville han få store vanskar med å halde seg oppdatert og samtidig ville han miste ein kjær del av sin eigen kvardag.

Avisa har mykje vinnande sider ved seg. Som journalist legg eg heller ikkje skjul på at eg synst det er litt meir stas å få ein artikkel på trykk i ei avis, enn å publisere han på internett. Kvifor det er slik, er eg i grunnen litt usikker på. Kanskje har det noko med å gjere at eg bruker så mykje av tida mi på internett elles i det daglege, der eg publiserer eigne ting på facebook, bloggar, twitter osv, at terskelen liksom ikkje er så høg for å publisere noko på internett. Å få noko på eit papir, blir på ein måte meir autentisk. Nettavisa er liksom noko "der ute", noko svevande, som ikkje er handfast slik papiravisa er.

Men på same måte som papiravisa har mange kvalitetar ved seg, har nettavisene det same. Nettavisa ligg mange hestehovud foran papiravisa på fleire område. Nettavisa følgjer det løpande nyheitsbiletet, og gjev lesaren ny informasjon kjapt. Noko som tydelegvis er svært viktig i dagens samfunn. Nettavisa kan oppdatere, leggje til lenker, videoar, lydklipp, soundslides og bildegalleri til kvar ei sak, og dermed gje eit rikare og meir variert tilbod. Medan papiravisa heile tida må ta omsyn til plass og antall ord, er ikkje plass eit problem for nettavisa. Der har ein kvantitet i det uendelege.

Kommentarfelt er også ein av dei beste sidene ved nettavisa. Dette gjer at nettavisene, og sosiale medier på nettet generelt, kan bidra til demokratiet på mange måtar. Det blir gjerne lettare for folk flest å delta i samfunnsdebatten, når dei kjapt og enkelt kan legge igjen ein

---

<sup>29</sup> Samtiden 1. utgåve 2010. "Når aviser dør" av Sven Egil Omdal, side 98.

kommentar på nettaviser, bloggar, facebook og twitter<sup>30</sup>. I dette universet er lesaren ein deltakar, og ikkje ein passiv mottakar som ein gjerne er når ein les avisa.

Men det er ikkje berre fryd og gammen ved nettavisa heller. Opp gjennom åra har nettavisene ofte hatt eit rykte på seg at dei tilbyr lesaren altfor mykje overflatisk journalistikk. Forutanom å gje lesaren korte nyheitsoppdateringar og meningslaus kjendis- og forbrukarjournalistikk, har ikkje nettet kunna gje lesaren noko spesielt meir, seier mange. Spesielt i ei gruppe som heiter *Kjøp papiraviser – redd avisene og arbeidsplasser*<sup>31</sup> på facebook, blir dette ofte drege fram som eitt av hovudargumenta for at avisa kjem til å overleve.

*”Jeg leser papiraviser fordi journalistikken er av langt høyere kvalitet, og at det står ting i dem som det ikke gjør på nettet. Informasjonen er enkelt sagt - bedre, og da blir jeg smartere av å lese papiravis enn å lese nettavis”*, er det ein som skriv.

*” Papiravisene gir meg så mye jeg ikke får gjennom nettavisene - både innholdsmessig og i fysisk lesbarhet.”*, skriv ein annan.

Dei meiner med andre ord at avisa kan tilby ein journalistikk som går litt meir i djupna enn det nettavisene gjer.

Tidlegare skal eg vedgå at eg sjølv har vore av denne oppfatninga, men dei seinaste åra har eg måtta tatt meg sjølv i nakken for den påstanden. Det er faktisk kvalitetsjournalistikk å oppdriva på nettaviser også. Det fins mange eksempel på nettstader som klarar å utnytte nettmediet på ein god måte. Bt.no har til dømes publisert glitrande journalistiske arbeid om Sløvåg-saka<sup>32</sup> og utanriksstoff om krigen i Afghanistan<sup>33</sup>. Her om dagen kom eg også over ein reportasje på dagbladet.no som tok utgangspunkt i ei gravferd der ingen møtte opp, og der journalisten sjølv starta jakta for å finne ut kven den avdøde var<sup>34</sup>. Dette var alle artiklar som gjorde store inntrykk på meg, og som eg i ettertid ikkje har klart å gløyme.

---

<sup>30</sup> Dette kan ein lese meir om i Liestøl og Rasmussen, 2003: Kapittel 9, *Digitalt demokrati*.

<sup>31</sup> <http://www.facebook.com/group.php?gid=275410891809&ref=ts> (for å gå inn på denne linken, må du ha eigen facebook-konto)

<sup>32</sup> *Fra Afrika til Sløvåg* Publisert 13.oktober 2009.

<http://www.bt.no/nyheter/innenriks/Fra-Afrika-til-Sloevaag-948132.html>

<sup>33</sup> *Djupt hat og brotne løfte* Publisert 14.mai.2010. <http://www.bt.no/nyheter/utenriks/Djupt-hat-og-brotne-loefte-1084494.html>

<sup>34</sup> *Den usynlige* Publisert 26. januar 2010. <http://www.dagbladet.no/a/10105099/>

Felles for alle desse tre artiklane, er at dei var veldig lange. I alle fall på nett å vere. Mange seier at folk ikkje er villige til å lese lange avhandlingar på nett, at lange tekstar som reportasjar og portrett kun er forbeholdt avisa. Men i desse tekstane var ikkje lengda noko problem for meg. Artiklane greip meg frå første stund, og eg kjeda meg ikkje eit sekund. Til tross for blinkane reklameannonser frå sidene, var tekstane fullstendig altoppslukande. Dei var engasjerande, velskrivne og så til dei grader kvalitetsjournalistikk. Du veit du har hatt ei god lesaroppleving, når du tenkjer på det fleire veker etterpå.

Ville artiklane vore betre dersom eg hadde lest dei i ei papiravis? Kanskje. Men faktumet er at tekstane tok merksemda mi frå tittelen og ned til siste punktum, og at eg gløymde tid og stad på same måte som når eg les ein god roman eller ein god reportasje i ei avis. Og då er det i bunn og grunn journalisten som skal ha honnøren. Kva for forum eg las dei i, er heilt uvesentleg.

Men det er slett ikkje alle aviser som utnyttar nettavisene sine godt nok. Mange har ein lang veg att å gå. Ein del av mine lokalaviser til dømes, oppdaterer kun eit par gongar for dagen med eit par hendingar, og sparar det dei kan til papirutgåva. Kommentarfelt på nettsidene er det heller ikkje alle som har. I staden for å utnytte moglegheitene digitale medier gjev, virkar det nesten som om somme aviser er redde for å satse på nett, i frykt for at det skal gå ut over opplaget. Kanskje det er ein del av grunnen for at opplaga held seg stabile, fordi dei gjev lesarane så sparsamt med informasjon på nettet elles? I så fall er det veldig synd, når digitale medier har potensialet til å bidra til sårt tiltrengt nytenking og forbetring fleire stader.

Skepsis til nettet som medium, finst ikkje berre i leiingane rundt om i avisverksemdar. I min praksisredaksjon var eg vitne til mange journalistar som var skeptiske til det å jobbe på nett. Spesielt den eldre garde. Røynde journalistar som har jobba i avisbransjen i ein mannsalder var ikkje nøgde då den 20 år yngre redaktøren lufta under eit morgonmøte at nokre avisjournalistar kunne gå over frå papir til å jobbe på nett eit par gonger i veka. Av omlag 15 journalistar, var det ingen som melde seg. Som eit siste forsøk foreslo redaktøren at for at det ikkje skulle følast som ei alt for stor omvelting, kunne nokon ta det som ein prøveperiode eit par månadar, for så å bestemme seg etterpå. Det var framleis stille i rekkjene, og eg kan til dags dato ikkje sjå namna til nye nettreporterar på heimesida til avisa.

Sjølv var eg del av avishuset sin nettredaksjon i to veker i løpet av mitt praksisopphald. Dette fordi eg sjølv ville lære meir om korleis kvardagen i ein slik redaksjon såg ut. Eg lærte fort at

det var ein heilt annan måte å jobbe på enn i ei tradisjonell avis. Vi var ein liten redaksjon, kun to på dag (nettredaktør og ein reporter), og ein reporter om kvelden. Dagane besto mykje av rutiner. Filtrering av kommentar-gjennomstrøyminga. Skumlesing av nettaviser. Scanpix. NTB. Politiloggen. Legge ut korte nyheitsmeldingar. Publisere artiklar avisjournalistane hadde vinkla til nett. Samtidig var det uvant å skulle tease i ingressen, skrive mest mogleg kortfatta og nytte ord som gav mest mulig ”klikk” på nettet.

Det var ein ny og spennande måte å jobbe på, men i det lange løp trur eg at eg kunne gått lei dei same rutinane kvar dag. Nettreporterane der sit helst stasjonært ved pc'en, og er sjeldan ute på oppdrag (det er det avisjournalistane og fotografane som gjer). Og slik ser det sikkert ut i mange nettredaksjonar rundt om. Sjølv set eg stor pris på å få komme meg ut når eg skal gjere eit intervju, for å få møte kjeldene i sitt eige miljø og få andre impulsar enn det eg får dersom eg berre tek ein telefon til vedkommande. Som journalist er det viktigaste i bunn og grunn for meg å kunne formidle den gode historie og engasjere lesaren. Og for at eg skal bli verande i ein nettredaksjon, må eg få spelerom til å gjere akkurat det. Hadde praksisredaksjonen min hatt ressursar til å satse meir på nett, i form av at fleire hadde arbeid i nettredaksjonen, ville kanskje kvardagen der sett annleis ut.

Det finst mange eksempel på at det redaksjonelle stoffet til nettaviser i dag, inneheld ei herleg blanding av skitt og kanel. Men det same gjeld papiravisa. Når det gjeld kvalitetsjournalistikk generelt, er det heller ikkje alltid at papiravisa klarar å innfri. Skrekkeksempel som meiningslaus kjendisjournalistikk og klipp-og-lim journalistikk finn vi overalt, ikkje berre på nettavisene. NRK-veteran Christian Borch sa det godt under ei forelesing i Bodø. Han fortalte at han og ein kamerat frå CNN tok seg ein promenade ned Karl Johan då CNN-journalisten stoppar opp utanfor ein Narvesen-kiosk og utbryt: ”I see you have your celebrity magazines here in Norway, too.” Biletet på framsida viser vår alles kjære Dorthe Skappel i gallakjole i anledning Gullruten med tittel ”Se kjolene fra festen”. Borch svarar: ”This is actually the largest newspaper in Norway...” Avisa Borch refererer til, er då VG.<sup>35</sup>

Når VG plasserer såne ting på framsida, vil eg gå så langt som å seie at det er eit direkte hån mot lesaren. Dersom papiravisa i det heile tatt skal ha ein sjanse til å overleve i framtida, trur eg at første bud må vere å slutte undervurdere lesarane sine. VG og Dagbladet taper meir enn dei vinn på sitt meiningslaus kjendis- og forbrukarstoff slik det er no. Er det eigentleg rart at

---

<sup>35</sup> Gjenfortalt etter Christian Borch si forelesning under Atlanterhavskomiteen ved HiBo i 2009.

VG ikkje lenger er den største avisa i landet når redaksjonen prioriterer ”nyheitsstoff” som dette? Eg meiner nei. Ei avis burde, no meir enn nokon gong, kunne tilby lesaren kvalitet frå øvste hylle. Det handlar om å gje lesaren ein god grunn til å velje papiravisa foran nettet. På nettet kan ein tross alt velje og vrake i det ein vil klikke seg inn på og lese. I ei avis har du ikkje noko val. Der må du bla deg gjennom alle sidene for å bli ferdig. Og når ein i tillegg må betale for å lese ei avis proppa med pompøst og innhaldslaust stoff, er det nok mange lesarar som vil sitte snytt igjen.

Skal avisa overleve i det lange løp, trur eg det er naudsynt at ho markerer seg med sine unike fordelar i større grad enn ho gjer no. Avisene har prøvd å selje i fleire år utan å forklare kundane forskjellen på papir og nett tydeleg nok. Det gjer lesaren forvirra. Samtidig trur eg heller ikkje at det er noko sjakktrekk å rette aggresjonen mot annonsørar og lesarar i form av at prisane på laussal, abonnement og annonser kontinuerleg blir skrudd opp.<sup>36</sup>

Eg trur at papir som medium kan og bør utnyttast endå betre. Kanskje til og med ein ny definisjon av papiravisa er nødvendig? Historisk er ein vant til å definere ei avis som ein trykt publikasjon der innhaldet har vekt på nyheiter.<sup>37</sup> I dag kan dei fleste av oss seie oss einige i at det er nettavisa, radio og tv som har monopol på nyheitene. I alle fall dei umiddelbare. Kanskje avisa for framtida kunne definerast som eit medium for grundig, analytisk og undersøkjande journalistikk?

Om papiravisa vil overleve i mylderet av informasjonskanalar, eller kva form ho eventuelt vil ta i framtida, er vanskeleg å seie. Som ei ønsketenkning går det jo an å håpe på at avishusa tør å satse på noko av det nemnt ovanfor. Gjer dei det, vil ein kanskje kunne vere eit skritt nærare å vinne tilbake lojaliteten hos lesarane, og dermed også gjere det meir attraktivt for annonsørar igjen. Men dersom utviklinga held fram i same leia som ho gjer no, er det kanskje papiravisa som må dø for at god journalistikk skal overleve?

---

<sup>36</sup> Sven Egil Omdal skriv litt om dette i artikkelen på side 105. (Samtiden 1. utgåve 2010.)

<sup>37</sup> <http://no.wikipedia.org/wiki/Avis>



**Faglitteratur**

Ottosen, Røssland & Østbye: *Norsk pressehistorie*. Samlaget 2002.

Berrefjord, Per Helge: *Den femte statsmakt. Journalistikkens rolle og metoder i et digitalt, nettbasert mediebilde*. Fritt og vilt, 2000.

Engebretsen, Martin: *Å skrive for skjermen. En innføring i nettjournalistikk*. IJ-forlaget, 2002

Tveiten, Oddgeir: *Nødvendige nyheter. En studie i journalistikkens globalisering*. Institutt for journalistikk, 2006.

Eide Martin: "Pressen – institusjoner og historie", i Larsen, Peter og Liv Hausken (red.): *Medievitenskap. Bind I: Medier – institusjoner og historie*. Fagbokforlaget, 1999.

Syvertsen, Trine: *Kringkasting – institusjoner og historie*, i Larsen, Peter og Liv Hausken (red.): *Medievitenskap. Bind I: Medier – institusjoner og historie*. Fagbokforlaget, 1999.

Liestøl & Rasmussen: *Digitale medier – En innføring*. Universitetsforlaget, 2003.

Bech-Karlsen, J: *Gode fagtekster. Essayskriving for begynnere*. Universitetsforlaget, 2003

**Skriftlege kjelder på internett**

<http://www.dinside.no/8315/hvorfor-papiravisene-d%D8r>

[http://www.hardware.no/artikler/kindle\\_dx\\_presenteres/69579](http://www.hardware.no/artikler/kindle_dx_presenteres/69579)

<http://www.vg.no/teknologi/artikkel.php?artid=588818>

<http://www.ssb.no/emner/07/02/30/medie/art-2010-04-12-01.html>

<http://www.tns-gallup.no/?did=9087307>

<http://www.tns-gallup.no/?did=9078676>

<http://e24.no/media/article3648134.ece>

<http://www.journalisten.no/story/61222>

<http://www.haldendagblad.no/underholdning/article4059162.ece>

<http://no.wikipedia.org/wiki/Bygdanytt>

<http://www.sortlandsavisa.no/nyhet.cfm?nyhetid=230>

<http://medienorge.uib.no/?cat=statistikk&page=avis&queryID=190>

<http://medienorge.uib.no/?cat=statistikk&page=avis&queryID=190>

<http://www.verdidebatt.no/debatt/cat1/subcat11/thread40933/>

<http://www.facebook.com/group.php?gid=275410891809&ref=ts>

<http://www.bt.no/nyheter/innenriks/Fra-Afrika-til-Sloevaag-948132.html>

<http://www.bt.no/nyheter/utenriks/Djupt-hat-og-brotne-loefte-1084494.html>

<http://www.dagbladet.no/a/10105099/>

<http://no.wikipedia.org/wiki/Avis>

*Øvrige kjelder på internett:*

<http://blogg.dittoslo.no/-/blog/2010/02/23/lesernes-agenda-har-papiravisa-mest-status/>

<http://www.dagbladet.no/2009/05/12/kultur/tekno/kindle/e-boker/amazon/6122330/>

<http://www.dagogtid.no/arkiv/2003/11/herb.html>

<http://www.nrk.no/nyheter/kultur/1.1593437>

<http://www.hivand.no/2008/04/13/papiravisens-er-d%C3%B8d-leve-lokalavisen/>

<http://askild.blogspot.com/2008/02/me-som-elskar-papiravisa.html>

<http://www.derhardudenigjen.com/2008/06/internett-utfordrer-avisene-kronikk.html>

<http://www.kampanje.com/medier/article364905.ece>

<http://www.medienorge.uib.no/?cat=statistikk&medium=avis&aspekt=&queryID=328>

### **Andre skriftlege kjelder frå trykte medier**

Tidsskriftet Samtiden, 1. utgåve 2010.

Dagbladet onsdag 14. april 2010: s. 56-57.

### **Munnlege kjelder**

Dei to kvinnene på toget. Observasjon (har ikkje namna deira).

Christian Borch under ei forelesning på Atlanterhavskomiteen ved HiBo i 2009.